



Lærar: Ulrikke Smith
Ringstabekk skole,
Bærum

STORYLINE

22

I denne filmen får vi sjå korleis storyline vert brukt i begynnunaropplæringa i tysk på 8. trinn. Kort forklart er storyline ei temaforteljing som elevane og læraren skapar saman. Dei sentrale elementa er tid, stad og personar. Læraren har valt rammene for forteljinga og bestemt tid og stad, medan elevane gjev liv til forteljinga gjennom personane dei lagar.

Forteljinga vert driven fram av nøkkelspørsmål. Nøkkelspørsmål er alltid opne i forma, dei lét elevane vere aktive og ta i bruk førehandskunnskapen sin. Samarbeid og diskusjon er viktige sider ved storyline. Difor er elevane organiserte i grupper på fire.

Denne storylinen byrjar med at elevane og læraren etablerer staden der storylinen skal føregå, ein tenkt by i delstaten Baden-Württemberg. Det første nøkkelspørsmålet er: Kva skal byen vår heite?

Elevane stemmer over kva namn byen og gatene skal ha. Gatenamna skriv dei inn på eit stort, tomt bykart som læraren har laga på førehand. Dette kartet (frisa) er med på å konkretisere konteksten og visualisere temaet som elevane arbeider med.

Det neste nøkkelspørsmålet er: Kven bur i gata vår? Kvar gruppe lagar ein familie på fire personar. Elevane klipper ut og teiknar modellar av personane sine, gjev personane namn, alder, yrke, interesser. Til sist presenterer kvar gruppe familiene sine for kvarandre.

Etter å ha presentert familiene teiknar gruppene huset der familien deira skal bu. Både i denne og i den førra økta lagar elevane ordbankar med dei tyskeorda dei treng å kunne.

Til nøkkelspørsmålet «Kva gjer personen din i løpet av ein dag?», øver elevane inn ein frase med ei bestemt ordstilling,



«Um 8 Uhr ... ich» osb, som dei bruker for å skildre gjaremåla til personen sin i løpet av ein dag. Deretter lagar elevane eit rollespel til spørsmålet «Kva snakkar vi om ved frukostbordet?».

I neste storylinetime dukkar det brått opp ein forvirra turist som treng hjelp til å finne fram i byen. Turisten er læraren-i-rolle. Dette er innleiinga til eit rollespel der Kleinstadt-innbyggjarane må forklara vegen til turistar med utgangspunkt i kartet over Kleinstadt.

I det siste nøkkelspørsmålet, «Korleis feirar vi karneval i Kleinstadt», foreslår elevane korleis karnevalet i byen skal feirast. Det vert opptog, mat og kos.

Til slutt evaluerer elevane arbeidet med storyline. Kva har vi lært? Kva likte vi ved denne arbeidsmåten? Kva kunne vore gjort annleis?

fremmedspråk og engelsk

Spørsmål til diskusjon

Kva for språklege aktivitetar fann stad i dette storylineforløpet?

Korleis kan ein metode som storyline bidra til språklæring i framandspråkundervisninga?

Kva slag type storylineforløp kunne du tenkje deg å gjennomføre med dine elevar?

Ressursar

Sokrates-prosjektet «Creative Dialogue» har ein eigen nettstad om storyline i framandspråkundervisninga: <http://creativedialogues.lemnetz.de/>

«Wer bin ich? Undervisnings-differentiering med storyline-metoden på tysk» av Annette Carsing, Sproglæreren 1/2006

Falkenberg, Cecilie og Erik Håkonsson (2001): *Storylinebogen. En håndbog for undervisere*. Kroghs Forlag

Steve Bell si storyline-side: www.storyline-scotland.com